

## **Plan for overføring mellom avdelingar i Langhaugane barnehage:**

### **Møte og overføringsskjema:**

Det skal haldast møte for overføring av informasjon mellom pedagogar på våren når dette er mulig. Skjema for overføring av informasjon mellom pedagogar skal vere utfylt til dette møte, og seinast innan 15. juni.

### **Førebuing i avdelinga:**

Vi førebur ungane når dei skal bytte avdeling, ungane er ofte med å flyttar plassen sin saman med vaksne i avdelinga. Dei er på besøk i avdelinga dei skal flytte til på våren og sommaren. Vi brukar sommaren til å bli betre kjend med dei vaksne barna skal vere saman med til hausten, dette blir lagt vekt på i vaktlista om sommaren.

### **Førebuing administrasjon:**

Det skal vere minimum 2 kjende vaksne som føljer med ei barnehagruppe, om det ikkje er mulig skal det vere med vaksne i ein overgangsperiode slik at ein har kjende vaksne i kvar ende på dagen, til barna er blitt trygge.

Foreldre skal få informasjon om endringar for eigne barn så snart vi har oversikt over gruppесаманsetning. Før vi går i ferie legg vi ut personalkabalen på heimesida til barnehagen når den er klar.

Dei naturlege endringane for eit barn blir å gå frå avdeling 1 til 6 (liten til stor avdeling), barnet føljer eige årskull eller det kullet ein har starta opp i for ein periode. Det vil komme unntak frå dette ut frå kullstørrelsar og tal barn som er i barnehagen. Alle skal gå saman med dei ein er jamgamle med året før skulestart.



